

MØTEBOK FOR MELAND BYGNINGSRÅD, 24.03.88.

Sak nr. 63/88.

Arthur Tveit, 5110 Frekhaug.

Søknad om fradeling av to bustadparsellar frå gnr. 12 bnr. 5 på Tveit.

Omsøkte parsellar, som er på omlag 1.500 m² kvar, ligg i utmarksområde omlag 250 m vest for fylkesvegen.

Tilkomsten er planlagd over tidlegare godkjend fellesavkøyring med fellesveg for andre brukarar i området.

Vatn frå kommunalt vassverk.

Avlaup med privat kloakkløysing.

Fylkeslandbrukskontoret har gitt fradelingsløyve etter jordlova.

Bygningssjefen sitt framlegg til vedtak:

"Bygningsrådet gir fradelingsløyve slik som omsøkt på følgjande vilkår:

1. Parsellane må få tinglyst vegrett over hovudbruket og fram til off. veg.
Det bør lagast til avtale om bruk og vedlikehald av fellesvegen.
2. Bustadene skal koplast til kommunalt vassverk.
Dersom vasstrykket frå kommunalt vassverk vert for lågt grunna høg husplassering i terrenget, må utbyggjar sjølv syte for og koste anlegg og drift av pumpeanlegg.
3. Utslepp i samsvar med utsleppsløyve.
4. Det vert gjeve unntak frå mellombels plankrav etter plan- og bygningslova § 117."

Samr. vedtak:

"Som framlegget frå bygningssjefen."

Retts utskrift.
for Meland bygningsråd, 26.03.88.

Kari Stople